

# FITJAR KYRKJEBLAD



**Nr 1 - FEBRUAR 2024**  
**ÅRGANG 47**



**DEN NORSKE KYRKJA  
FITJAR**

**Kyrkjekontoret:**

Postboks 10, 5418 Fitjar  
Telefon: 913 47 802  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)  
<https://kyrkja.no/fitjar>

**Kontakt oss:**

**Kyrkjeverje**

Harald Rydland 913 47 802  
[hary@fitjar.kommune.no](mailto:hary@fitjar.kommune.no)

**Kantor:**

Jan Overweg 901 97 069  
[jaov@fitjar.kommune.no](mailto:jaov@fitjar.kommune.no)

**Sokneprest:**

Olav J. Oma 906 38 825  
[olaoma@fitjar.kommune.no](mailto:olaoma@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjelydspedagog:**

Randi Lønning Matre 951 38 562  
[rama@fitjar.kommune.no](mailto:rama@fitjar.kommune.no)

**Kontomedarbeidar**

Elisabeth S. Oma 452 74 335  
[eson@fitjar.kommune.no](mailto:eson@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister**

Kjetil Hagevik Ragde 482 48 488  
[kjetil@fitjarkyrkje.no](mailto:kjetil@fitjarkyrkje.no)

**Soknerådsleiar:**

Svein Lunde 971 59 009

**Nestleiar sokneråd:**

Anne Marie Røed 924 66 405

**Leiar diakoninemnd:**

Annbjørg Stjern Tvedt 470 18 264

**Bakken barnehage:**

Serina Sørfontn 902 27 978  
[bakken.barnehage@haugnett.no](mailto:bakken.barnehage@haugnett.no)

**Gåver:**

kontonr. 3546.29.05805  
VIPPS: #23412 - FITJAR SOKN

Framsidedfoto: Jan Owerveg

**Redaksjonelt**



# Tårnagentar og gudsteneste

I bladet kan du sjå fleire fine bilete frå helga det var gudsteneste med tårnagentar (born frå 3. klasse). Det var stas å gå på skattejakt med borna, gøy å snika seg rundt og inn i kyrkja. Då me vart svoltne samla me oss i kyrkjestova, på loftet, og åt saman.

**Olav J. Oma**



Agentane fekk bøff og agentkort, øvde til gudstenesta, skreiv og teikna bønner, og aller mest spanande var det nok å klatra opp dei bratte trappane i tårnet for å sjå den store kyrkjeklokka på nært hald. Der oppe såg dei utsikta over sentrum og Fitjarvika, og dei kunne lesa innskrifta på klokka: «Med Malmets Klang til Mæle Jeg raaber i Guds navn Waagn op af Søvnne, Sjæle! Flyer til Jer Frelzers Favn.»

Søndag ringte klokka inn, ropte; «Waagn op af Søvnne, Sjæle! Flyer til Jer Frelzers Favn.» Og me var mange som kom «flygande».

Agentane hadde viktige roller i gudstenesta. Dei deltok under dåpen, dei ynskte velkomen, tente lys, dei las, bad og song. Og etterpå? Då var det kyrkjekaffi, kaker og saft, og god lyd i kyrkja.

Men slik er det ofte. God lyd i kyrkja etter gudsteneste. Folk har hatt det fint, me er glade for å ha vore saman, sunge og bede, fått høyra Guds ord og vakker musikk. Gudstenestene endar ofte med spontan applaus etter musikken.

No nærmar påska seg igjen. Eg har eit ynskje og eit håp om at me igjen skal fylla kyrkja, med liv, med gråt og latter, med menneske som kjem saman og opplever at dei får møte med Gud, gjennom menneska som er der, orda, salmane, bønene, dåpen og nattverden.

Kvar einaste søndag er det oppstoda, at Jesus stod opp frå dei døde, me feirar når me samlast.

Jesus seier: «Kom til meg alle de som slit og har tungt å bera, hjå meg skal de få kvila dykk ut.»

Bli med du og!  
Det er plass til meg,  
det er også plass for  
deg i kyrkja.



Foto: Freepik.com

# Påske i kyrkja

I år kjem påska tidleg. Alt siste veka i mars tek påska, eller eigentleg den stille veka til.

I mange år har me hatt **familiegudsteneste**, ein søndag i månaden. Frå no av prøver me å kalla dette for **generasjonsgudsteneste**. Det skal vera gudsteneste for alle, om du har familie eller ikkje. Samtidig vil me på ein særleg måte i desse gudstenestene visa at me ynskjer at borna skal vera med.

**Palmesøndag**, 24. mars kl. 11.00 blir det generasjonsgudsteneste. I denne gudstenesta tek me oss gjennom heile påska på ein lett og fin måte. Frå palmesøndag, via nattverd og krossfesting til oppstoda. Evangeliet er Matt. 26, 6-13

**Skjærtorsdag**, 28. mars kl. 11.00. Nattverdsgudsteneste som særleg stansar ved Jesu siste måltid saman

med læresveinane, og me blir inviterte til å ta del i måltidet med han og kvarandre. Evangeliet er Luk. 22,14-23

**Langfredag**, 29. mars kl. 11.00. Langfredagsgudsteneste, pasjonsgudsteneste. Me fylgjer Jesus siste vegen, gjennom den lange sterke lesinga frå evangeliet til Markus 14,26-15,39. Frå Getsemanehagen til Golgata og krossfestinga, frå dom til at førehenget i tempelet rivnar.

**Påskedag**, 31. mars kl.11.00. Høgtidsgudstenesta som formar heile kyrkja. Her har kristentrua si rot, frå påskedag i år 33 gjennom århundra, årtusena til i dag. Me feirar dette store at Jesus står opp frå dei døde. «Jesus vann og eg har vunne». Evangeliet er Matt. 28, 1-10

**2. påskedag**, 1. april kl. 12.00. Generasjonsgudsteneste i Dåfjorden på Slippen, med band. Fordi påskedagen er slik ein stor dag, så feirar me to dagar, at Jesus har stått opp. Også denne dagen møter me den oppstadne Jesus saman med læresveinane, og ser kor trua forsiktig tek til å spira. Evangeliet er Luk. 24, 36-45



Foto: Freepik.com

## Fitjar Kyrkjeblad

Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad

### Adresse:

Kyrjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 26. april til kyrkja@fitjar.kommune.no**

Neste blad kjem etter planen 8. mai. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkommen til å senda det til oss.

### Redaksjon:

- Olav J. Oma (red.)
- Roald Drønen
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland
- Herman Inge Aadland
- Karvel Strømme

### Trykk:

Kai Hansen Trykkeri  
Haugalandet



## SØNDAGSSKULE



på **Fitjar bedehus kl. 11.00** til Ca Kl. 12  
stort sett dei søndagane det ikkje er familiegudsteneste i kyrkja  
**Song, lystenning, bøn, Bibelforteljing og aktivitetar**  
(Frå 2-3 år og oppover til Ca 8. Klasse)



### Mars - mai 2024:

**03.03 Søndagsskule**

**10.03 Søndagsskule**

*17.03 Kyrkjelydstur til Helgaton - ikkje søndagsskule*

*24.03 Familiegudsteneste - ikkje sønd.sk.*

*31.03 1. påskedag - ikkje sønd.sk.*

**07.04 Søndagsskule**

*14.04 Familiegudsteneste - ikkje sønd.sk.*

**21.04 Søndagsskule**

**28.04 Søndagsskule**

**05.05 Avslutningstur (sjå plakat)**

Følg oss gjerne på facebook for ferske oppdateringar/påminningar.



## ALLE ER VELKOMNE!



Arr.: Fitjar søndagsskule


# Tårnagentar

Tårnagentar (born frå 3. klasse) med bøff og agentkort var på skattejakt i kyrkja 17. februar. Agentane hadde òg viktige roller i gudstenesta dagen etter, der dei ynskte velkommen, deltok under dåpen, tente lys, las, bad og song. Etterpå, under kyrkje-kaffi med kaker og saft, var det retteleg god lyd i kyrkja.

**Foto: Jan Overweg**



*Olav syner ein av kyrkja sine verkeleg skattar etter at agentane har funne den att*



*Interesserte tårnagentar testar lyden i kyrjeklokka.*



*Konsentrerte agentar løyser oppgåver*



*Sjefsagenten*



*Preikestolen, kva brukar me den til?*



*«Skatten i Liljedal» heiter boka tårnagentane fekk*



*Velkommen til dåp*

# Stort misjonsengasjement i kyrkjelyden vår

## Herman I. Aadland

### Fitjar, ei misjonsbygd

Det er vel ingen som veit kor mange kroner folk i Fitjar gir til misjonsarbeid årleg, men summen er utan tvil høg. Mange misjonsorganisasjonar har sine eldsjeler i bygda, og dei skaper engasjement. Fitjar kyrkjelyd - representert ved soknerådet – er naturleg nok med i dette arbeidet. Kvart år vert det teke opp mange misjonsoffer til fleire misjonsorganisasjonar i gudstenestene. I tillegg har kyrkjelyden sitt eige misjonsprosjekt gjennom NMS. Alle som les kyrkjebladet, veit at det dei siste 8 åra hos oss har vore eit varmt engasjement for Mali.

### Korleis går det?

Om du lurar på det, kan me fortelja at resultatet vert lagt merke til og skaper stor glede i NMS. Her er nokre tal: I koronaåret 2021 sende me kr. 31.586. I 2022 kr. 67.560. I 2023 kr. 82.926. Og til no i 2024: kr. 21.948. Til saman blir det kr. 204.020 på tre år.

### Mali treng oss framleis

I Mali bur det 22,2 millionar menneske. Om lag 3 millionar av desse tilhøyrer fulanifolket, som vår engasjement spesielt er retta mot. 94,5 % av folket i Mali er muslimar, 2,4 % er kristne. Mange muslimar er nyfikne på kristen tru og vil gjerne samtala med dei som driv misjon. Dei ser at den kristne trua får gode ringverknader. Eit godt eksempel er kampen mot kjønnslemlesting. NMS støttar elles kyrkjelydsbygging, landsbyutviklingsprosjekt, diakoni blant flyktningar, radioarbeid, bibelomsetjing m.m.

Arbeidsfelleskapet i Mali består av misjonærar frå Noreg og fleire afrikanske land, saman med gode nasjonale medarbeidarar. Trass i stor politisk uro og mykje naud i landet er det ein fin optimisme i det kristne arbeidet.

### Ny misjonsnemnd

Etter valet hausten 2023 har Fitjar sokneråd valt ny nemnd for kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt. Det er Sigrun Vik Nilsen, Eldbjørg Vikane og Herman I. Aadland. Me ynskjer å halda saka varm i åra som kjem, for dette brenn me for. Takk til kyrkjelyden for levande engasjement!



Mosebøkene er oversatt til fulani (Maliblogg/Anne Lise Matre)

## Områdestemne/Årsmøte for Sunnhordland NMS på Fitjar 7. april



Misjonær Geir Sakseid blir med som talar på gudstenesta og på festen

### Kl 1600: Misjonsfest på Fitjar bedehus

Song av Mimosa  
Opplesing av Halvard Wiik  
Kakebord og kaffe

*Alle velkommen!*



## Diakonitur

Dato: 13. juni

Turen går til Utstein Kloster,  
med lunsj på Utstein Kloster Hotell

Fleire opplysningar kjem  
på kyrkja si heimeside

Påmelding frå 1. mai til  
Annbjørg Stjern Tvedt (470 18 264)

# Hurra for Terje Vigen!

Det er ikkje alltid nødvendig å gå over bekken etter vatn. Det fekk me på ny stadfest, me som fekk med oss temakvelden i januar. Det vart ei feststund frå først til sist, servert av berre lokale folk. Det er ikkje anna å sei om den saka: Me er rike på kultur og kapasitetar her i Fitjar! Flott levert!

T: Herman I. Aadland - F: Birgit Hobæk

Soga om Terje Vigen har levd med og i mange av oss like frå barndommen av. Eg hugsar korleis sympatien for den mannen fylde bringa i takt med læraren si framføring av diktet. Dramaet sette spor i eit barnesinn. Kor urettferdig kan dette livet vera!? Ibsen sitt gammalmodige norsk-dansk rikka på ingen måte med oppleving og innleving.

For meg vart dette på mange måtar gjenskapt gjennom temakvelden i Fitjar kyrkje. Og denne kvelden vart det ikoniske diktet i tillegg kledd inn i ei ramme av musikk, historie, humor og vidd.

Terje Vigen er eit episk dikt som Noreg sin store, verdskjende dramatkar, Henrik Ibsen, skreiv i 1861. Det vart første gong presentert i heftet «Nyttårsgave for illustrert Nyhedsblads Abonnenter» i 1862.

Temakvelden tok til med at Martin Hatlevik, til eige gitarakkompagnement, sette oss i stemning med Ola Bremnes si nydelege vise: «Har du fyr?» Me fekk vera med på refrenget, og alt då tok det «fyr» i forsamlinga. Roald Drønen orienterte litt om kvelden. Han gav så ordet over til Kjetil Rydland som sette diktet inn i historisk samanheng, nemleg Napoleon-skrigane. At Danmark/Noreg i 1807 gjekk med i krigen på Frankrike si side, fekk fylgjer; - ikkje berre for Terje Vigen, men også for folket her i Fitjar. Folketalet gjekk ned til godt 1100 personar som fylgje av svolt, kalde vintrar, lite salt m.m. Men denne nauda var nok også med på å tilskunda Fitjar til å bli ei vidgjeten potetbygd. Kjetil gav oss også andre interessante historiske glimt, utan at me kan ta alt med her.

Så vart det meir øyregod musikk. Ole Kristian Ottestad, Kjell Magnar

Eide Helland og Helge Haaland gav oss «Eg rodde meg ut på seiegrunnen» og «Jeg er Havren». Som dei sa: Det vart i alle fall både roing og korn, om ikkje heilt som i Terje Vigen. Godt levert!



Martin Hatlevik var framme att og song vakre «Dogg-dropen». Det vart verkeleg eit av høgdepunkta for meg, varmt, fint og velvalt for ein temakveld i kyrkja. Takk!

Per Drønen fekk altså ei god stund til å sitja å kvi seg – eller gle seg? – før han slapp til. I alle fall var han i storform då han fekk ordet. Han tok forsamlinga med storm. Utan eit ord av suffli deklamerte han heile det lange eposet på strak arm. Me vart rivne med og dregne inn i dramaet. Og begeistringa var stor etter me til slutt hadde ankra opp ved «Fjære kirke». Det er godt gjort å halda tråden og levera på den måten. Han er jo ikkje nett fødd i går. Men han ville oss verkeleg noko. Og det var ikkje å visa kor flink han er, men å formidla ein bodskap som aldri må bli gløymd. Bravo!

Når så «Ottestad trio» til slutt kjenslevart og vakkert gav oss: «O, bli hos meg», kunne ikkje kvelden bli stort betre. Varmt takk til alle aktørane, og til temakveldgruppa som la til rette for denne strålande kvelden!



# Min påskesalme



Fitjar kyrkjeblad har utfordra Audun Inge Torvund til å presentera sin påskesalme. Den utfordringa tok han på strak arm og med glede, og han har sendt oss fylgjande påskehelsing:

Min påskesalme må bli nr. 204 i Norsk Salmebok, «Han er oppstanden. Halleluja!» Denne salmen kom som eit friskt pust til oss på den tida eg studerte ved Norges landbrukshøgskole (i dag: Norges miljø- og biovitenskapelige universitet), altså i tidsrommet 1972-77. Salmen, som kom til oss frå Tanzania via England, vart skriven av den tanzanianske presten, Bernhard Kyamanywa i 1966. Kyamanywa var prest i den lutherske kyrkja i heimlandet. Han vart fødd i 1938 og fyller dermed 86 år dette året.

«Han er oppstanden» kom altså til England i 1969, og deretter til oss. Salmen vart fort svært populær i det kristne studentmiljøet på Ås, og me song han ofte på NKSS/Laget sine møte og i studentgudstenestene. Salmen, som også er ein lovsong, teiknar påskebodskapen så godt. I tillegg er han kledd i ein fengjande og glad folkemelodi frå Tanzania. Tekst og melodi høver saman som hand i hanske. Saman med mine gode minne frå studietida gjer dette at eg alltid vert glad når eg syng denne vakre påskesalmen.

God påske!

Audun Inge Torvund




Foto Freepik.com

*Han er oppstanden. Halleluja!  
Lov ham og pris ham! Halleluja!  
Jesus, vår Frelser, lenkene brøt.  
Han har beseiret mørke og død.*

*Omkved:*

*Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn,  
han som gir synderen livet igjen!  
Halleluja! Vi skyldfrie er.  
Halleluja! Vår Jesus er her!  
Tre dager dødens fange han var  
før han stod opp og seiren var klar.  
Tvers gjennom gravens stengsel han gikk.  
Frelse og fred ved Jesus vi fikk.*

*Engelen ropte: Frykt ikke mer!  
Han som du søker, er ikke her.  
Se, der er stedet hvor han ble lagt.  
Han har stått opp - som selv han har sagt.*

*Gå og fortell at tom er hans grav.  
Livet han vant da livet han gav,  
gav det for oss og kjøpte oss fri.  
Frelse og fred han alle vil gi.*

# Gravplassen

I Fitjar er me stolte over å ha ein fin og velstelt gravplass. Både dei fast tilsette og sommarvikarar gjer ein flott jobb med vedlikehald. I tillegg har det som vanleg i Fitjar, vore utført mykje godt dugnadsarbeid.

## Svein Lunde (soknerådsleiar)

Men no minkar det på dei ledige gravene og det er på tide å skaffa fleire.

Gravplassen er eit kommunalt ansvar, og det er kommunen som skal finansiere arbeidet, men soknerådet har ansvar for gjennomføring. Det er no sett av pengar i kommunen sitt investeringsbudsjett og soknerådet har vedteke oppstart av arbeidet. Det er fleire prosjekt som skal gjennomførast og dei vil bli teken i tur og orden og delvis gå samtidig.

Det vil bli brukt konsulentar som skal planlegge arbeidet og komme med detaljerte framlegg til korleis dette skal gjerast. Arbeidet er komplisert og det er mange som skal ha eit ord med i laget. Biskop, Riksantikvar og fagmynde for gravplassar skal alle uttale seg og godkjenne planane før arbeidet kan starte.

Kva skal me så gjera. Som nemnd tidlegare, skal det etablerast nye kistegraver. Dette er ein stor jobb som vil vera ferdig vinteren 2025/26.

I dei siste åra har det blitt meir og meir vanleg med minnelundar der ein kan sette ned urner i eit felt. Det er ikkje tradisjonelle gravminne, men ei løysing der ein kan sette opp minneplater på eit felles minnesmerke. Det er særleg aktuelt for dei som av ulike grunnar ikkje har høve til å stelle ei grav. Kyrkjekontoret har fått fleire spørsmål om dette i det siste, og no tek me sikte på å etablere eit slikt felt.

I Fitjar er me etter kvart vorte eit fleirkulturelt samfunn der innbyggjarane har ulike behov for gravlegging. I Noreg er det slik at dei lokale kyrkjene har fått ansvaret for etablering og drift av gravplass for alle innbyggjarane i kommunen. På bakgrunn av dette bør me få etablert eit eige gravfelt sett av til andre trussamfunn, og dette tek me sikte på å få på plass no.




Foto: Jan Overweg

Vedlikehald og drift av gravplassen krev mykje utstyr, og dette må lagrast på ein god måte. For mange år sidan vart det sett opp eit hus med kontor og lagerplass. Dette er i ferd med å bli for lite, og det er under planlegging eit reiskapshus der ein kan få betre plass til større maskinar og utstyr.

Dette er det som vert planlagt på kort sikt, men drift av ein gravplass krev også meir langsiktig planlegging. I framtida ynskjer me å unngå å utvide arealet brukt til gravplass, men dette krev god planlegging. Ei kistegrav har ei fredingstid på minst 20 år. Gravplassen er inndelt i felt, og heile feltet må reetablerast under eitt. Dette betyr at det må gå minst 20 år frå siste grav vart opna i eit felt til feltet kan reetablerast. Difor må me stenge dei felte som det er planar om å reetablere minst 20 år før jobben skal gjerast. Me håpar på forståing for at dette vil innebere at ikkje alle kan få sine ynskje oppfylt når det gjeld plassering av kistegrav.

Det er mykje arbeid som skal gjerast på gravplassen i åra som kjem. Me skal gjere vårt beste for å gjere det så skånsamt som råd er.

Det vil komme meir informasjon om framdrifta i seinare kyrkjeblad.

2024

## Eit år med store kyrkjelege hendingar

**Kva skjedde egentleg på Moster i 1024? Var det her Olav den heilage og hans biskop Grimkjell overtydde oss nordmenn om at kristendomen skulle vera einaste tillatte religionen i Noreg?**

### Karvel Strømme

Historikarane er no samde om at Olav den heilage og biskop Grimkjell stadfeste kristenretten på Moster dette året, og det var her dei grunnleggjande reglane for kyrkje- og kongemakta blei skrivne ned. Desse reglane blei rettesnorar som måtte følgjast viss ein skulle leva eit kristent liv, og dei inneheldt reglar om alt, frå dåp og gravferd, faste og kyrkjebygging, om heilagdagane og gjerde rundt kyrkjegarden, til trolldom og om pliktene til biskop og prestar.

Barn skulle døypast, og kunne ikkje setjast ut for å døy. Daude skulle gravleggjast på kyrkjegarden, og ikkje i haug. Ein skulle fasta, og ein skulle halda seg til ei kone, byggja og vedlikehalda kyrkjer, og ikkje blota og eta hestekjøtt. Slik vart vanlege menneske sitt liv endra, frå ein heidensk til ein kristen kvardag.

Med kristninga kom ideen om at det finst noko som er rett, uavhengig av maktilhøva i samfunnet; det var den retten som kjem frå trua på Gud og Kvitekrist, og ikkje frå dei gamle norrøne gudane, ein rett som var lagt inn i skaparverket.

I den gamle Gulatingslova finst det reglar der makt gav rett, men med den nye Kristenretten vaks det fram ei plikt til å ta vare på alle som var skapte i Guds bilete, uansett plass i samfunnet.

Det er difor ikkje tvil om at vedtakinga av kristenretten på Moster i 1024 var eit viktig steg mot kristninga av Noreg!

Dette 1000 års jubiléet skal altså feirast på Moster i dagane 29. mai til 2. juni, men både før og etter vil det bli mange ulike arrangement, og eitt av dei vil finna stad her på Fitjar. Det er no 27 år sidan Håkonarspelet hadde urpremiere, og 10 år sidan spelet vart framført siste gong, i 2014.

På eitt vis kan ein og kalla dette eit kristningsjubileum! I boka «Sagakongane» kallar historikarane Synnøve Veinan Hellerud og Jon Vidar Sigurdsson kapitlet om



Foto Rolf-Atle Rolfsnes

Håkon den gode «Den kristne kongen». Vi skal ikkje her gå inn på heile forhistoria til denne kongen, som etter mi mening er blitt svært underkjent i historia om kristninga av Noreg, så underkjent at han ikkje ein gong er nemnd i den omfangsrike informasjonen om jubiléet «Moster 2024»

Vi må berre få sagt at Håkon den gode fekk tilnamnet Adalsteinsfostre, fordi han vart sett i foster hos kong Adalstein i England, der han tok imot den kristne trua og vart døypt. Han kom difor attende til Noreg som ein god kristen, med sterkt ønskje om å innføra kristendomen i Noreg, men landet var heidensk. Sjølv heldt han søndagar og fredagsfaste, og han lovfeste og at jula skulle feirast til same tid som dei kristne. Ifølgje Snorre blei han etter kvart sett større og større pris på, og mange let seg døypa og heldt opp å blota til dei norrøne gudane. Historikarane kallar Håkon sitt forsøk på å innføra kristendomen eit strategisk trusskifte, og sjølv om dette kan høyrast litt «utspekulert» ut, vil eg sei at det må vera å føretrekkja framfor dreping og lemslesting!

Kongen forsterka venskapsbanda med dei han hadde størst tiltru til. Dei gav han økonomisk og politisk støtte, og dei blei først konverterte. Store mengder steinkors som blei reiste på Vestlandet i Håkon si tid, er spesielle i skandinavisk samanheng, og viser sterk kontakt med det kristne Europa, spesielt England og Irland. «Då no kong Håkon trudde han hadde fått nok støtte av nokre stormenn til å få fram kristendomen, sende han bod til England etter ein biskop og nokre prestar, og då dei kom til Noreg, gjorde kongen det kjent at han ville by kristendomen over heile landet.» (Heimskringla).

I sagaen om Håkon den gode kan vi lesa at det «var god fred for bønder og kjøpmenn», og «det var gode år både på sjø og land» i hans regjeringstid. Det er vanskeleg å slå fast om Håkon blei oppfatta som ein heilag konge i samtida si, men han blei oppfatta som så god for folket sitt, at han fekk tilnamnet «den gode kongen» («enn góði konungr»).

I månadsskiftet august/sept. skal det igjen framførast eit Håkonarspel, men denne gongen som teater, der ein skal følgja Håkon heilt frå barneåra. Eit team er i ferd med å skriva ferdig eit manus, og det er tinga regissør og fleire andre nøkkelpersonar. Dette blir spennande!

Eg vil til slutt leggja fram nokre personlege tankar rundt dette innlegget. Då eg var med Osternes mannskor til Trondheim for nokre år sidan, for å ta del i «Salmeboka minutt frå minutt», nytta vi høvet til å vitja Nidarosdomen. Då vi etter omvisninga stod med guiden framfor Vestfronten, med alle skulpturane, sa eg: «Manglar det ikkje ein på denne vakre kyrkjeveggen?» Guiden såg forundra, nærast forskrekka, på meg, og svara: «Kven i all verda skulle det vera?» «Kong Håkon den gode!», svara eg. Guiden forlet oss, forvirra, og sikkert framleis forskrekka. Men : Mellom alle desse meir eller mindre heilage som er attgjevne på vestveggen, har dei altså ikkje funne plass til «vår» kong Håkon den gode!

## Kristenrettsjubiléet på Moster 2024

Bestill billetter på: <https://moster2024.no/arrangement>



**Pinsestevne: Søndag 19. mai kl. 11:00** (Moster Amfi / Vetahaugen): **Mer info kommer snart!**

**Bønnekonferanse «Kristenretten»: Fredag 24. – søndag 26. mai** (Stord hotell/Moster)

Denne helgen inviterer Ungdom i Oppdrag og Nasjonalt Bønneråd til en storstilt Bønnekonferanse. Våren 2022 tok de et felles initiativ for å etablere et nettverk av forbedere fra hver kommune i landet vårt. I forbindelsen med dette ønsker de å holde en Bønnekonferanse i forkant av rettsjubiléet. Konferansen vil bli holdt på Stord Hotell, med ekskursjon og åpent møte på Moster på søndag 26. mai.

**Jubileumsveka 29. mai - 2. juni** (Billettsalget er startet!)



**Reise med seilskipet Christian Radich fra Oslo onsdag 29. mai til Moster fredag 31. mai**

Onsdag 29. mai starter en historisk reise fra Oslo havn. Seilbåten Christian Radich skal seile fra Oslo til Moster og deltar i feiringen av 1000-årsjubiléet for den kristne høyresiden i Norge. På reisen skal vi «varme opp til feiringen», ha morsomme stunder om bord og oppleve en av Norges vakreste seilskuter midt i vakker natur. Om bord vil du være en del av mannskapet, medseilere, og du vil ta del i det samme arbeidet som dem! Alt er en del av eventyret! Du kan styre skuta eller til og med jobbe med seilene på riggen hvis du vil utfordre deg selv. Alt vil være under ekspertveiledning av vårt mannskap. Det blir en fantastisk reise til Moster!

Påmelding: <https://www.radich.no/tours/seilas-til-moster2024/>



**Jubileumsforestillinga «Elden melder» 29. mai kl. 18:00** (Amfiet)

Onsdag 29. mai kl. 18.00 inviterer vi til festforestilling i regi av Bømlo Kulturskule i samarbeid med kulturskulane i Sunnhordland. Aldri har det vore så mange kulturskuleelevar på utescenen i Moster Amfi! Framsyninga vil famne innslag av musikk, dans og teater, samt ei urframføring på bestillingsverket «Elle melle» komponert av Webjørn Sæther for kor og orkester.



**Jubileumsforestillinga «I slik ei natt» - ekstra forestilling 30. mai kl. 17:00** (Amfiet)

Mostraspelet – «I slik ei natt», skrive av **Svein Tindberg**, med musikk komponert av **Kjetil Bjerkestrand**. Vi følgjer det unge kongsemnet Olav Haraldsson på hans reise fram til han kjem til Moster i 1024. Ei reise som endrar han frå ein nådelaus viking og drapsmann, til legenda seinare kjend som Olav den heilage. Om lag åtti skodespelarar vil stå på scena i denne storslåtte framsyninga i regi av **Bømlo Teater**.

Forestillinga 2. juni, kl. 17.00 er utseld, men «I slik ei natt» vil også bli spelt torsdag 30. mai kl. 17.00 og i skuletid onsdag 29. mai kl. 10.00 og torsdag 30. mai kl. 10.00.



### **Festkonsert med Marthe Wang og Ten Sing 30. mai kl. 20:30 (Amfiet)**

Torsdag 30. mai, kl. 20.30 er det tid for festkonsert med **Marthe Wang**, **Ten Sing Bømlo** og **Ten Sing Norway** i Moster Amfi. Den spelemanns-nominerte artisten **Marthe Wang** er fødd og oppvaksen i Bergen, og vart ferdig utdanna frå Norges Musikkhøgskole i 2014 der ho studerte jazzsong og musikkpedagogikk. **Ten Sing Bømlo** vart grunnlagt i 1973 og har i alle desse åra skapt musikkglede, og vore ein viktig del av ungdomstilbodet på Bømlo. Dei siste 12 åra har Ten Sing Bømlo blitt eit av Noregs største ungdomskor, og har i dag 140 medlemmar.

Ten Sing Bømlo er stolte av å dele scena med tidlegare tensinger Marthe Wang, i tillegg til Ten Sing Norway. Ten Sing Norway er eit folkeskuletilbod ved Rønningen folkehøgskule, der dei mest talentfulle tensingarane frå heile landet samlar seg kvart år. Vi ser fram til ein kveld fylt med ungdommeleg energi og vakker musikk! Dette er ein konsert du ikkje vil gå glipp av!



### **Festkonsert med KORK og Ingebjørg Bratland 31. mai kl. 19:00 (Amfiet) (UTSELDT)**

Fredag 31. mai kl. 19.00 blir Moster Amfi fylt med vårt fantastiske kringkastingsorkester i samband med 1000-årsjubileet på Moster. **KORK** er eit orkester på høgt internasjonalt nivå som spelar alt frå det symfoniske til samtidsmusikk, pop, rock, jazz og folkemusikk.

Lista over samarbeid med kjende artistar i alle sjangrar er lang, og denne gongen spelar dei med **Ingebjørg Bratland** – ein folkekjær artist kjend for sin særeigne stemme, unike songteknikk og formidlingsevne.



### **Mottakelse av seilskipet Christian Radich: Fredag 31. mai kl. 17:00**

(Åpent arrangement på Dalaneskaaien)



### **Gospel og Talkshow På grensa til lovsong: Fredag 31. mai kl. 22:00 (Amfiet)**

Denne kvelden blir det allsang, lovsang og korsang i salig blanding, ledet av Bømlo Gospel med dirigent Øystein Lund Olafsen. Programmet blir bundet sammen av NRK-profilen Jan Erik Larssen - i samtale med nasjonale gjester. Kvelden vil ta utgangspunkt i jubiléets motto om å se til fortiden for å forme fremtiden - hvor man vil løfte frem det positive ved den kristne kulturarven, og hva den kan ha å si for vår nasjonale identitet og verdivalg fremover. Det vil bli samtaler med både gående og sjøfarende pilegrimer («Jorsalfarerne») med fokus på verdivalg. Programskaper og prosjektprest Thor Haavik vil holde en appell med utgangspunkt i de røttene vi har historiske og etisk fra Kristenretten.



### **Lørdag 1. juni: Aktiviteter med seilskipet Christian Radich (under planlegging)**



### **Jubileumsfeiring med KORK / «Mostrasuite»: Lørdag 1. juni kl. 15:00 (Amfiet) (UTSELDT)**

I ei spektakulær feiring saman med vårt eminente kringkastingsorkester, kjent som **KORK**, presenterer vi teaterkonserten «Mostrasuite» som første del av jubileumsforestillinga. «Mostrasuite» tar utgangspunkt i symfonimusikken til det historiske spelet «Kristkongane på Moster», skriva av Johannes Heggland, komponert av Kjell Habbestad. Mostraspelet er no blitt revidert til ein konsertversjon i samarbeid med Kjell Habbestad og Bømlo Teater, og verket vil bli framført av KORK, saman med nasjonale songarar og skodespelarar. Andre del av forestillinga vil by på innslag av ulike kunstnarlege uttrykk, samt offisielle talar.



### **Festkonsert for barn og unge med William og Emma: Lørdag 1. juni kl. 19:00 (Amfiet)**

Etter sin verdige seier i MGPjr, har 14 år gamle William etablert seg som ei lysande stjerne på den norske musikkhimmelen. Han har sloppet fleire låter og opptrådt på store arrangement som Allsang på Grensen og opningsshowet til Norway Cup, og blitt ein populær artist til barne- og familiearrangement i heile landet. Den no 15 år gamle veslesøstera til Marcus og Martinus har vore artist sidan ho var 8 år, og nådd langt dei siste åra med turnear rundt i landet, opptredde på VG-lista, Norway Cup, samt eiga konsert på Parkteatret i Oslo.



### **Temakveld Kristenretten - LIVE med venner – SPESIAL: Lørdag 1. juni kl. 19:00 (Sion Mosterhamn)**

Programleder **Bjarne Ystebø** leder oss gjennom denne festkvelden på Sion Moster – dere hele det offisielle og kristne Norge er samlet i forbindelse med feiringen av 1000-årsjubileet for Kristenretten. **Inger Lise Rypdal** forteller om sitt forhold til den kristne kulturarven. Forfatter **Ole Petter Erlandsen** forteller om sin nye bok «Anno 1024 – Året som forandret Norge», og Farnen-presten **Thor Haavik** forteller om programserien «Kristenretten». Gjennom samtalene med gjestene, ønsker vi å løfte frem at Gud ønsker å være en del av vår hverdag, og at vi har god grunn til økt tillit til Gud - i en tid som er annerledes. Vi håper kvelden vil gi deg gode innspill til dine verdivalg fremover, og synspunkt på hvordan vi alle kan ta vare på vår kristne kulturarv. (Begrensede plasser!)



### **Festkonsert med Bernhoft: Lørdag 1. juni kl. 22:00 (Amfiet)**

Lørdag 1. juni kl. 22.00, blir det festkonsert med **Jarle Bernhoft** i utearenaen i Moster Amfi. Bernhoft har vunne fleire Spellemann-prisar, og selt ut konsertar både i Noreg og i utlandet. I 2022 var han med i det folkekjære TV2-programmet «Hver gang vi møtes», og frå 2023-sesongen i The Voice har han vore mentor. Bernhoft kom i starten av oktober 2023 ut med sitt sjette album «Avenue Of Loveless Hearts». Dette gler vi oss til å høyre, saman med hans tidlegare utgitte favorittar.



### **Reise med seilskipet Christian Radich fra Moster søndag 2. juni - tilbake til Oslo onsdag 5. juni**

Etter en storslått feiring av Kristenrettsjubileet fredag 31. mai og lørdag 1. juni, reiser vi natt til søndag tilbake til Oslo. På reisen skal vi ha morsomme stunder om bord og oppleve en av Norges vakreste seilskuter midt i vakker natur. Om bord vil du være en del av mannskapet, medseilere, og du vil ta del i det samme arbeidet som dem! Alt er en del av eventyret! Du kan styre skuta eller til og med jobbe med seilene på riggen hvis du vil utfordre deg selv. Alt vil være under ekspertveiledning av vårt mannskap. Vi ankommer Oslo onsdag 5. mai, om morgenen.  
Påmelding: <https://www.radich.no/tours/seilas-fra-moster2024/>



### **Økumenisk festgudsteneste: Søndag 2. juni kl. 11:00 (Amfiet) (UTSELD)**

Til å innleie siste dag av Jubileumsveka vil vi feire med storslått økumenisk festgudsteneste, og deltaking frå inn- og utland. **Biskop Ragnhild Jepsen** vil saman med **preses Olav Fykse Tveit**, **prost Svein Arne Theodorsen**, samt **Erhard Hermansen** frå Norges Kristne Råd og lokale kyrkjelege medarbeidarar og gjester, leie oss gjennom feiringa i utearenaen i Moster Amfi. Det vil bli musikalske bidrag ved **Bømlo Gospel**, **Bremnes Kantori**, **Bømlo Soul Children** og **Bømlo Janitsjar** under gudstenesta.



### **Mostratinget - Verdisamtale om fortid og framtid: Søndag 2. juni kl. 14:00**

Visjonen til Moster 2024 er «feira fortid, forma framtid». Ei stor satsing i jubileumsarbeidet har difor vore å legge til rette for ei breidde av verdisamtalar, på ulike arenaer. Inspirert av det historiske Mostratinget, skal eit moderne Mostrating gjenoppstå, denne gongen satt av dei unge.

Søndag 2. juni kl. 14.00 vil det bli heldt foredrag, verdisamtalar og paneldebatt i samarbeid med Bømlo ungdomsråd og ungdommens ti fylkesting. Ungdommen vil sjølv invitere og utfordre ulike samfunnsaktørar og politikarar til å vere med i samtalen.



### **Jubileumsfinale Himmelske toner – sanger gjennom 1000 år: Søndag 2. juni kl. 21:30 (Amfiet)**

Denne kvelden skal Foreningen Himmelske Toner fylle Moster Amfi med vakre harmonier for å feire de tusen årene som har gått siden Kristenretten ble satt! De får æren av å avslutte Jubileumsuken med en formidabel konsert sammen med nasjonale artister - alle med solid bakgrunn og kjennskap til de ulike sjangrene innen norsk folke- og kirkemusikk.

Kjent sangere som **Hanne Krogh** og **Inger Lise Rypdal** vil synge oss gjennom vår historie, sammen med lokale musikere og solister som **Arne Kvarven** og **Ingebjørg Andrea Ådnanes**. Korene **Bremnes Kantori** og **Ad Libitum fra Sveio** vil være med å gjøre denne junikvelden i Moster Amfi til en uforglemmelig kveld! Foreningen Himmelske Toner avholdt i juni 2023 en storslått korkonsert i Nidarosdomen med et prosjektkor på 180 sangere. Konserten ble utsolgt med tusen publikummer til stede. Konserten var utformet som en takk til Gud for at han «sende sitt ord til Noregs fjell, og ljøs over landet strøymde»...

Vi ønsker med dette å invitere alle med på en musikalsk historiefortelling - både som tilhører og deltaker i allsangen, hvor vi synger oss igjennom vår nasjons himmelvendt sanger gjennom en historisk tidslinje - til å synge sanger som er sunget av det totale antallet lag av folket gjennom hele vår historie, alt fra kjente og kjære salmer, gospel og lovsang, men også mindre kjent materiale, fra 1000 år tilbake i tid. Programhefte er inkludert i billettprisen.

**Konserten vil markere en storslått avslutning på Jubileumshelgen!**



**III** GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

VAREHUSET  
**RYDLAND**

Tlf: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as

**ELON** fagmøbler

**Duo**

No kan du bestille time på nett:  
[www.ledigtime.no](http://www.ledigtime.no)

OPNINGSTIDER:

Man-tys-fre: ..... 9-16

Ons-tor: ..... 9-18

Laurdag: ..... 10-14

Tlf. 53 49 79 72

**FITJAR KRAFTLAG**

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

**LERØY**  
**SJØTROLL**

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS

Kjærelvvegen 55

5419 Fitjar

[www.leroyseafood.com](http://www.leroyseafood.com)

**Stord**  
**Begravelsesbyrå**

Tlf. 53 41 64 05

**PORT**  
**STEINGARD**

Port Steingard AS

Postboks 11, 5418 FITJAR

Telefon 916 67961

**NBK**  
norges bygdekvinne  
lag

Fitjar  
Bygdekvinne  
lag

Ledig annonseplass



**KRÅKO GJESTETUN**

Telefon:

53 22 26 20 / 414 28 038

E-post:

[post@krakogjestetun.no](mailto:post@krakogjestetun.no)



OPNINGSTIDER:

Mån, tirs, fre: ..... 9-16

Ons, tors: ..... 9-18

Laur (kun drop-in): 10-13

Treff oss 1 2. etg

i Larsen bygget

For timebestilling ring:

**53 49 78 90**

*Fiks frisyren  
hos oss!*



**GRØNAVIKJO UTVIKLING AS**

Vestbøstad - 5419 Fitjar

90 12 02 81

**Vesthaugane**

[www.vesthaugane.no](http://www.vesthaugane.no)

Telefon: 91 82 41 58



**Engesund**

**Fiskeoppdrett**

Visningsenter

Mobilnr: 951 89950



**Bakken**  
Fitjar Soknerådsbarnehage

**Kontaktinfo:**

Serina Sørfohn

902 27 978

Ledig annonseplass



**Interflora**

Galleri Flora

Tlf: 53 49 95 00

[www.interflora.no](http://www.interflora.no)

Blomster - Gaver - Gravsteiner

**it** **TVEIT**  
*Faglig tyngde og  
godt humør*

BERRE GOE!



**FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS**

post@fmvas.no - 53 45 72 00  
www.fmvas.no



**FITJAR**  
SMABAT AS



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - <http://www.fitjarbaat.no>

**SPAR**



**KVERNENES**  
BÅTBYGGERI

Kalveid 27, 5419 Fitjar  
Tlf: 940 39 639 - [baatbygg@kvernenesbaat.no](mailto:baatbygg@kvernenesbaat.no)

**VB**  
VARMER & BAD

**Hatlevik Rør AS**

Tlf: 53 49 93 15



**FOTTERAPEUT**

med diabetes forjupning

*Liv Heidi Kolbeinsvik*

Ring meg på 970 47 907

Klinikk i 3. et. i Larsenbygget - Fitjarsjøen 18



**Videoen**  
**Kiosk**



**Engevik &**  
**Tislevoll a.s**  
**MESTERHUS**

Telefon:  
53 45 73 00  
E-post:  
[post@engevik-tislevoll.no](mailto:post@engevik-tislevoll.no)

VERDIG GRAVFERD

Vakttelefon: 91 80 00 40



AUT. ELEKTROENTREPRENØR - 5419 FITJAR.  
TLF. 53 49 71 00 - MOB. 40 40 41 45

**REMA 1000**

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

**CARFIX**

**Carfix Fitjar**

Tlf: 53 49 71 21

**progreen**  
AQUA PRODUCTS

Havnavegen 90, Fitjar

[www.progreen.as](http://www.progreen.as)

SparebankenVest

**VI ER FAMILIEBANKEN**

*Vi følger deg hele livet*



Sal av kraftfor, gjerde-  
matriell og spon

**NESEGUTANE AS**

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvågv. 700



**DANIEL TISLAVOLL**

[post@oyabygg.no](mailto:post@oyabygg.no)

456 67 418

Ledig annonseplass

# Slækters gang

## Døyppte:

**10.12.**  
Max Monsen-Strand (Stord kyrkje)

**17.12.**  
Helene Sørffonn Dalen

**21.01.**  
Kaia Storevik Meland

**04.02.**  
Ronja Koløen

**18.02.**  
Hanna Madtsen Traa

**25.02.**  
Herman Alsaker Klementsens

**03.03.**  
Ulrik Meidell Dahle

## Jordfeste:

Novelia Vågen Opheim  
f. 07.12.2023 d. 07.12.2023

Sonja Seglen Liarbø  
f. 19.09.1928 d. 14.12.2023

Ole Skålevik  
f. 13.11.1938 d. 17.12.2023

Kirsten Tufteland  
f. 18.05.1938 d. 20.12.2023

Sigmund Hopperstad  
f. 31.01.1945 d. 30.12.2023

Kirsten Johanna Ansnes Hageberg  
f. 24.02.1947 d. 01.01.2024

Vigdis Mjånes Skram  
f. 14.04.1955 d. 06.01.2024

Kjell Koløen  
f. 23.11.1939 d. 18.01.2024

Jorunn Marit Sørffonn  
f. 21.08.1941 d. 06.02.2024

Marit Jenny Tranøy  
f. 28.09.1948 d. 06.02.2024

Liv Jorid Larsen  
f. 11.06.1939 d. 24.02.2024

# Gudstenester

| Dato   | Kl.slett  | Kyrkjeår/merknad                                       | Prest                                       | Takkoffer formål                    |
|--------|-----------|--|---|-------------------------------------|
| 10.03. | kl.11:00  | 4. søndag i fastetida                                  | Olav J. Oma                                 | Opne dører                          |
| 17.03. | kl.11:00  | Maria bodskapsdag                                      | Sven Harald Nilsen                          | Kongshaug VGS                       |
| 24.03. | kl.11:00  | Palmesøndag/generasjonsgudst.                          | Olav J. Oma                                 | Tentreff                            |
| 28.03. | kl.11:00  | Skjærtorsdag   | Olav J. Oma                                 | Kyrkjelydsarbeidet                  |
| 29.03. | kl.11:00  | Langfredag   | Olav J. Oma                                 |                                     |
| 31.03. | kl.11:00  | Påskedag   | Olav J. Oma                                 | Misjonsprosjektet NMS               |
| 01.04. | kl.11:00  | 2. påskedag - Dåfjorden                                | Olav J. Oma                                 | Kirkens bymisjon Sunnhordland       |
| 07.04. | kl.11:00  | 2.s. i påsketida/NMS årsmøte                           |   | NMS                                 |
| 14.04. | kl.11:00  | 3.s.i påsketida/generasjonsgudst.                      | Olav J. Oma                                 | Kyrkjelydsarbeidet                  |
| 21.04. | kl.11:00  | 4.s. i påsketida                                       | Olav J. Oma                                 |                                     |
| 28.04. | kl.11:00  | 5.s. i påsketida                                       | Olav J. Oma                                 | Kyrkjelydsarbeidet                  |
| 05.05. | kl.11:00  | 6.s. i påsketida                                       | vikar                                       |                                     |
| 08.05. | kl.18:00  | Samtalegudsteneste                                     | Olav J. Oma                                 | Ungdomsarbeidet                     |
| 09.05. | kl.11:00  | Kristi himmelfartsdag/Venestemne                       | Fitjar bedehus kl. 11.00 og kl. 13.00 - IMS |                                     |
| 11.05. | kl.11:00  | Konfirmasjon   | Olav J. Oma                                 | Kyrkjelydsarbeidet/Kirkens Nødhjelp |
| 11.05. | kl.13:00  | Konfirmasjon   | Olav J. Oma                                 | Kyrkjelydsarbeidet/Kirkens Nødhjelp |
| 12.05. | kl.11:00  | Konfirmasjon   | Olav J. Oma                                 | Kyrkjelydsarbeidet/Kirkens Nødhjelp |
| 17.05. | kl.11:00  | Grunnlovsdag   | Olav J. Oma                                 | Kyrkjelydsarbeidet/Kirkens Nødhjelp |
| 19.05. | kl. 11:00 | Pinsedag   | Olav J. Oma                                 | Misjonsprosjektet NMS               |
| 20.05. | kl.12:00  | 2. Pinsedag Gapahuken Kidnavatnet                      | Roald Drønen                                | ---                                 |
| 26.05. | kl.11:00  | Treeiningssøndag - Årsmøte                             | Olav J. Oma                                 | Fitjar bedehus                      |
| 02.06. | kl.11:00  | 2.s. i treeiningstida - KULTURSALEN - 1000 årsjubileum | Olav J. Oma                                 |                                     |